



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 30.09.2013  
**Møtetid:** 16:00 - 18:20  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Roy Vegar Hope (H)	Eva Hellevang (H)
Gunnar Bruvik (Frp)	Karl Bård Kollbotn (Frp)

### **Andre som var til stades på møtet:**

Rådmann Tone Ramsli  
 Stabssjef Jan Erik Boge

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<p><u>Sal av hus i Fjellheimsvegen</u>          Rådmannen orienterte om at ein eigedom nedst i Fjellheimsvegen er lagt ut for sal (Fjellheimsvegen 1). Teknisk eining har bedt rådmannen sjekka om det kan vera aktuelt for kommunen å kjøpa eigedomen, med tanke på ei evt. framtidig utbetring av avkøyrsla til Fjellheimsvegen. Etter diskusjon i møtet konkluderte formannskapet med at kommunen ikkje vil kjøpa eigedomen.</p> <p><u>Dekking av tap for sjølvstendig næringsdrivande</u>          Stabssjefen orienterte om at det er behov for ytterlegare avklaring av kommunen sine reglar om dekking av tap for sjølvstendig næringsdrivande i samband med deltaking på møte i kommunale styre, råd og utval. Dette vil koma opp som eiga sak på neste møte i formannskapet.</p>
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	Ingen saker.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
036/13	13/515	Faste saker	
037/13	13/220	Oppfølging av sak i AMU - faktaundersøking. Finansiering	U Ikkje offentleg

**SAKNR. 036/13**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**30.09.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Samrøystes vedtak.

**FORM-036/13 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 037/13**

**OPPFØLGING AV SAK I AMU - FAKTAUNDERSØKING. FINANSIERING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert gjennomført faktaundersøking i tråd med vedtak i AMU sak 9/13.

Undersøkinga vert finansiert ved at det vert gjort fylgjande budsjettendringar:

Konto nr 14901.1202.1800 avsett til lønsauke vert sett ned med kr 200.000

Konto nr 12700.1202.1800 konsulent vert auka med kr 200.000

**10.09.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Eva Hellevang fekk permisjon frå møtet kl. 19.00 før det vart gjort vedtak.

Øyvind Røen (Sp) bad at formannskapet utsett saka til etter kommunestyremøtet den 25 september i eit ekstra møte.

4 røysta for Røen sitt framlegg og 2 imot.

**FORM-033/13 VEDTAK:**

Saka vart utsett til etter kommunestyremøtet. Formannskapet handsamar saka i ekstramøte.

**30.09.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Møtet var lukka under handsaminga av saka, med heimel i § 31 i kommuneloven.

Forhold/moment som vart tekne opp av formannskapsrepresentantar i møtet:

Nedanfor er nokre av forholda som vart tekne opp under formannskapet si handsaming lista opp. Desse punkta er tekne med i møteprotokollen primært for at arbeidsmiljøutvalet skal få nødvendig informasjon om bakgrunnen for vedtaket som vart gjort i saka.

- I den eksterne granskinga som skal gjerast av barnevernet i haust, vil ein mellom anna sjå på arbeidsmiljøet i barnevernstenesta. Er det då nødvendig å gjennomføra faktaundersøking i tillegg?
- Kommunestyret konkluderte 25.09.2013 i saka om interpellasjon om brot på teieplikta.

Har ikkje grunnlaget for varslinga frå den aktuelle tilsette falle vekk som følgje av kommunestyret sitt vedtak?

- Den førespegla kostnaden for faktaundersøking er svært høg. Er det mogleg å gjennomføra ei eventuell undersøking på ein annan/billegare måte?
- Det kan vera behov for å undersøkje andre forhold enn dei som vert tekne opp i varslinga(ne), til dømes om folkevalde har vore utsett for mobbing/trakassering frå tilsette.
- Dersom det skal gjennomførast faktaundersøking, vil det ikkje nødvendigvis vera rett at gruppeleiarane vert intervjuast (blant kommunestyrerepresentantane). Det er også andre kommunestyrerepresentantar som bør intervjuast, eventuelt i tillegg til gruppeleiarane.

Framlegg til vedtak og røysting:

Marit Aksnes Aase (Krf) sette fram framlegg om at rådmannen sitt framlegg til vedtak til formannskapsmøtet 10.09.2013 vart vedteke. Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram framlegg om at følgjande setning vart lagt til Aase sitt framlegg:

*Vedtaket er gjort med heimel i par. 13 i kommunelova (hasteparagrafen).*

Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Ein sender saka tilbake til AMU og ber dei vurdere nye moment i saka. AMU bør også vurdere ei breiare utgreiing. Ein løyver ikkje midlar pr. i dag.*

Framlegget frå Marit Aksnes Aase inkludert tilleggsetninga frå Brigt Olav Gåsdal vart sett opp mot Ragnfrid Aadland Olsnes sitt framlegg. Framlegget frå Olsnes fekk 4 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Aase og Gåsdal fekk 3 røyster.

Følgjande representantar røysta for framlegget frå Olsnes:

- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Øyvind Røen (Sp)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Karl Bård Kollbotn (Frp)

Følgjande representantar røysta for framlegget frå Aase og Gåsdal:

- Marit Aksnes Aase (Krf)
- Brigt Olav Gåsdal (Ap)
- Eva Hellevang (H)

**FORM-037/13 VEDTAK:**

Ein sender saka tilbake til AMU og ber dei vurdere nye moment i saka. AMU bør også vurdere ei breiare utgreiing. Ein løyver ikkje midlar pr. i dag.